



**Klubbmøta:**  
Klubbmøta er lagt til første onsdagen i månaden og startar kl. 1900.

Styret har ansvar for at det er program på møta, og onsdag 7. november kjem **Jacob Langvik** for å snakka om fjordafarten før i tidå.

Og onsdag 5. desember blir det **graut og bingo!**

Dersom du har forslag til program til klubbkveldane - eller veit om folk som har ei interessant historie å fortelja, kan du tipsa oss i styret - me treng input!



**Selskaps- og bryllupskjøring:**

Styret vil marknadsføra denne tenesta på nettet - **for dei som er interesserte!** med ei side på nettet med bilde av bil og e-postadresse til sjåfør.

Meininga er at sjåfør skal få fastsett pris, og at det kan koma eit påslag til klubben. Dei som er interesserte i dette, melder frå til Magnar. Me tar elles dette opp til diskusjon på neste klubbmøte.



Før opp org.nr. 994 773 186

## Ryfylkeløpet 2013...

er lagt til **lørdag 24. august**. Så merk av datoen i kalenderen med ein gong! Og meld frå til venner med gamle kjøretøy.

Det fall mykje ansvar på få medlemmer i år, neste år må fleire rekna med å gjera teneste for å gjera arrangementet like bra som i år.

## Styret 2012-2013:



Det nyvalde styret har nå konstituert seg. På bildet styremedlemmene **Laila Sæbø Veland** og **Jan Ullestad** (framme) - og bak: formann **Magnar Hapnes**, kasserar **Helge Barka** og nestformann **Ivar Eie**.

Varafolk er **John G. Helmikstøl** og **Jostein Soppeland**

## Dugnad:

Me håpar å få grusa oppstillingsplassen framfor klubbhuset i haust. Då kan det bli invitert til dugnad ein lørdag, og me håpar på bra oppmøte når dugnaden blir annonsert....

## Vinterlagring:

Me reknar med at det kan setjast inn bilar i kjellaren ca. 20 oktober. Ta kontakt viss du er interessert. Leiga er sett til kr 100 pr. måned for medlemmer.



## «Shell-avtale?»

Jobbar du i ei bedrift med gode velferdsordningar? Kanskje kan du hjelpa oss med midlar til enkelte tiltak? Som Shell i år!!

## Plan for styremøtene:

**31.10. - 14.11. - 12.12.**

**- i tilfelle du har saker som du meiner styret bør ta tak i!**